det er viktig å halde seg til fakta. I sitt innlegg i GD den 5. september hevdar hytteeigar Øystein Grønmyr at det ikkje har kome noko krav om målbyte frå nynorsk til bokmål frå krinsane. Det er i og for seg riktig at krinsane ikkje har kravd målbyte, men det kom eit ønskje om rådgjevande folkerøysting frå krinsane som kommunen valde å ta til følgje.

I samband med tilsvarande folkerøysting ved Otta skole i 2012, kom det innspel frå FAU ved både Sel skule og Heidal skule om at ein ønskte ei folkerøysting om skriftleg målform i desse skulekrinsane også. Dette tok Sel kommunestyre til etterretning, og vedtok at det skulle gjennomførast rådgjevande folkerøysting samstundes med Stortingsvalet i år.

Den rådgjevande folkerøystinga er såleis ikkje agert korkje frå politisk eller administrativt hald i kommunen, men snarare noko Sel kommunestyre har teke til etterretning etter initiativ frå FAU ved skulane.

***Bente Krogsæter**, pedrådgjevar, Sel kommune*

påfallende svekkelse eller tilbakegang av individuelle rettigheter de siste årene. Det som bekymrer FFO er at heller ikke det motsatte har skjedd. Funksjonshemmedes rettsvern er ikke styrket, til tross for f eks innføringen av diskriminerings- og tilgjengelighetsloven i 2009. Ekstra bekymringsfullt er det når rapporten peker på at oppfyllelsen av rettighetene i stor grad er avhengig av den enkeltes bostedskommune og hvilke tilbud kommunen prioriterer.

For funksjonshemmede og kronisk syke er velferd å vite at offentlige kontorer ikke oppfyller sin veiledningsplikt overfor sine brukere. For den enkelte er det et problem at velferdsordninger overgis helt og fullt til kommunene, særlig fordi kommunale lovbrudd bare får konsekvenser for brukeren, ikke for kommunen. Vi vet at mange små kommuner ikke har den spesialkompetansen som kreves for å kunne gi riktig informasjon og følge opp funksjonshemmede og kronisk syke. Nettopp derfor er behovet for rettshjelp på velferdsrettens område stort. De



**TILTAK:** Kommuner som ikke ivaretar funksjonshemmedes rettigheter, må møtes med sanksjoner, skriver Liv Arum i FFO.

aller færreste får tilgang til rettshjelp og de færreste har mulighet til å føre sin egen sak.

For å opprettholde tillit til at lovfestede rettigheter som du har blir møtt og fulgt opp i praksis, må dette rettsvernproblemet adresseres og løses. FFO mener kompetansen i kommunene må heves og det må iverksettes sanksjoner overfor kommuner som ikke ivaretar brukeres individuelle rettigheter.

***Liv Arum**, gen. sekr. Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon*

# Kva seier reven?

**Det kunne ha vore freistande å skrive noko om Ylvis og den nye songen deira, som fekk over ti millionar treff på YouTube på nokre få dagar. Men songen og sjølve fenomenet har allereie blitt gjennomanalysert.**

Som musikar kan eg sjølvsagt vere litt misunneleg på suksessen til Ylvis. Den songen eg personleg har fått flest treff på på YouTube, er ikkje ein av dei «vanlege» songane mine; det er faktisk «Setningsanalysesongen», dvs. ein song om grammatikk. Dette er kanskje eit tydeleg signal om at eg bør halde meg til grammatikken.

Kva har så reven å gjere med grammatikk? Førelesingsrekkjene mine startar som regel med fonetikk, dvs. lydlære. Studentane skal få eit innblikk i lydsystemet i norsk, og korleis lydane går saman til ord, som i neste omgang skal finne ein skriftleg representasjon. Alfabetet vårt er i utgangspunktet relativt godt eigna til å gje orda ei skriftleg form. Men skriftnormering møter òg ei rekkje utfordringar.

No finst det vel faktisk ikkje noko offisielt ord på norsk som fortel oss kva reven seier. Sånn sett stiller Ylvis eit relevant spørsmål. Det tyder nok helst at ein ikkje har hatt særleg behov for eit slikt ord. Kua derimot «veit» vi alle seier «mø». Dette ordet blir rekna til kategorien «onomatopoetikon», dvs. lydhermande ord. Det interessante er at engelske kyr seier «moo». Men det er jo mogleg at kyr har ulike dialektar. Det blir straks verre når vi oppdagar at norske griser seier «nøff», mens dei engelske seier «oink» og dei tyske «grunz». Dette må tyde at vi oppfattar lydane rundt oss på forskjellige måtar, og at vi også vel å skrive dei på ulike måtar. Korleis burde ein så representere skrikinga til ein rev i skrift?

Lydane i eit språk kan gjerne identifiserast ved å samanlikne såkalla «minimale par». Dette er ord som skil seg ved berre éin lyd, t.d. orda «sal» og «tal». Lydane s og t kan identifiserast som såkalla «fonem» i norsk fordi desse orda skiftar tyding når vi byter ut lydane. Tek vi også med «sjal», ser vi at vi må bruke to bokstavar for å skrive éin lyd – i «skjold» må vi bruke tre bokstavar for den same lyden, og i «ski» har vi enda ein variant.

Vi har ingen bokstav i alfabetet som representerer sj-lyden. Vi har heller ingen bokstav i alfabetet som representerer såkalla «tjukk l», som kan vere eit fonem i norsk. På den andre sida har vi bokstavar i alfabetet som vi faktisk ikkje har behov for i norsk, nemleg c, q, x og z. Henrik Wergeland var ein av dei første som føreslo at ein skulle fjerne dei frå skriftspråket, og i dag finn vi desse bokstavane først og fremst i lånord og namn.

Éin ting ein kan lære av alt dette er at lyden til reven er verkeleg nok, men at det er vi menneske som tolkar lyden, og som eventuelt også finn eit menneskeskapt, skriftleg uttrykk. Eit relevant spørsmål kan vere om språk som ikkje bruker lydbasert skrift, som t.d. kinesisk, er i stand til å skrive lydhermande ord.

***Jens Haugan**, Hamar (1.-amanuensis i norsk)*

> Klimaretorikken er maksimert, mens resultatene er minimert. I praksis er det ikke stor forskjell på Høyres og Ap klimapolitikk.

***Jørgen Randers**, klimaforsker*